



Aleksander Rebaudo har innlegg i kommunestyret. Ordførar og varaordførar til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

### **UKK (Ungdommens kommunestyre) presenterte seg skikkeleg i Kvinnherad kommunestyre i dag.**

**Det var leiaren, uskedelingen Aleksander Rebaudo, som gjorde det. Etter innlegget sitt fekk han ros av ordførar Synnøve Solbakken, som ordla seg: slik:- Du sa så mykje fint og heldt ein god appell. I den var det mykje å ta med seg vidare for oss.**

Aleksander streka under kor viktig det er å støtte ungdomstiltaka.

- Det er dei som held ungdommen i sjakk. Vi ser det så mange stader i dette landet at ungdommen har for lite å gjera på og det fører til kjeisamheit. Og frå det og rastlausheit har vi mange plassar sett at vegen til mindre lovlege fritidsaktivitetar er kort til slikt som hærverk og eksperimentar med narkotika, sa UKK-leiaren.

Han streka under at å delta i idrett, musikk eller andre fritidstilbod stimulerer dei unge og utviklar evnen og viljen til å arbeida hardt med noko for å bli betre og betre. -Dette viser seg og igjen i skulearbeidet til aktive ungdommar. Dei vel å ikkje betrakta ting som umoglege, men heller som ein utfordring, sa Aleksander.

Han kom inn på målsettinga om at kvinnheringane skal flytta heim att etter utdanning. - Men for at vi i det heile skal vurdere dette er kommunen nødt til å ha velfungerande skular der ein slepp å bekymra seg for PCB-forgiftning eller at eit rote tak kollapsar over hovudet ditt. Kvifor skulle vi ønskje å sende borna våre på slike skular når vi har sett og følt standarden på kroppen i årevis, spurde UKK-leiaren.

Han har også innoen ein annan gjengangar, eit betre rutetilbod med bussar og snøggbåtar. Han omtala også reisa til Guatemala som han nyleg var med på og mintes folket der som smilande og imøtekommande trass i at dei er fattige.

Om KVV hadde han rosande ord om kantina men meinte at skulen også bør få ei line i media og kommunikasjon.

UKK var til stades under ein del av kommunestyremøtet til dei vaksne, men dei unge hadde også si eiga sakliste. Dei vedtok mellom anna å løyva 20.000 kroner til skulemusikken i Rosendal og Uskedalen. Pengane går til deltaking i Hordaland Ungdoms Brass Band (HUBB). Dei hadde søkt om 21.000 for 7 musikarar på 4 samlingar.

Av Ola Matti Mathisen



UKK var til stades under deler av kommunestyremøtet til dei vaksne. Her er uskedelingane Aleksander Rebaudo og Vegard Døssland nummer 2 og 4 frå venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)